

Fråsegn 3:

FRIVILLIG KULTURARBEID MÅ FÅ AUKA MERKSEMD I NY STORTINGSMELDING OM KULTURMINNEPOLITIKKEN

Frivillig kulturarbeid er ein bærebjelke for bevaring, bruk og utvikling av kulturminne.

Organisasjonsarbeidet i Norge er eit av kjenneteikna bak demokratiseringsprosessane i den gryande nasjonsbygginga på 1800-talet. Eit av uttrykka for dette er dei mange ungdomshusa og andre lokale forsamlingshus som viktige fellesskapsarenaer i lokalsamfunna våre. Både innanfor ungdomslagsrørsla og andre frivillige organisasjonar har det vore bygd ei rad særprega kulturbygg i landet. Dette er bygg med både høge arkitektoniske kvalitetar, men òg viktig dokumentasjon om demokratiseringsprosessar, mållagsrørsla, lågkristeleg organisasjonsarbeid mm. Noregs Ungdomslag meiner at stortingsmeldinga om kulturminnepolitikken må kome med forslag om korleis desse husa kan bevarast, brukast og utviklast for og av framtidige generasjonar.

Kvar dag legg frivillige ned eit stort dugnadsarbeid for å ivareta og utvikle den fysiske og immaterielle kulturarven. Her vil vi trekke fram arbeidet med å UNESCO nominere bunaden som immateriell kulturarv. På same måte er språk og skriftspråk viktig for identitet og felles tilhørslse.

Vi forventar at regjeringa legg til rette for større merksemd om frivillig arbeid med kulturminner. Frivillig kulturarbeid må stå sentralt i ein kulturminnepolitikk som skal bygge på at vi har eit felles ansvar for å engasjere oss.

